



Arnljot Jordal
Lurevegen 1467
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15322 - 23/11348

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
09.02.2023

Melding om mogeleg feil/mangel på avløpsanlegg - gbnr. 141/17 Kvamme Nedre

Tiltak: Lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken din
Byggjestad: Gbnr: 141/17
Tiltakshavar: Arnljot Jordal og Gro Hjellvik Jordal

Alver kommune har den 04.01.2023 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 27.10.2022 vart registrert lekkasje / lågt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Kvamsvågen 2. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Same avviket vart registrert ved tømning i august 2020.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 31.05.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit **godkjent rørleggarforetak**. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva 24 er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 141/17 Kvamme nedre
bilde

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr141-17

Mottakarar:

Arnlot Jordal
Gro Hjellvik Jordal

Lurevegen 1467
Lurevegen 1467

5912 Seim
5912 Seim